

FØRESEGNER FOR REGULERINGSPLAN

STEINBROT PÅ DEL AV GNR 92 BNR 1, SANDANGER

RANDØY I HJELMELAND KOMMUNE

Utviding steinbrot

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for drift av steinbrott og utsprenging av fast berg.

Området blir disponert til desse føremåla:

- Bygningar og anlegg: Steinbrott og masseuttak
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur: Køyreveg og annan veggrunn grøntareal
- Landbruks-, natur- og friluftsføremål: LNF og Særlege landskapsomsyn /randsone

§1 Felles føresegner

§1.1 Alle fasar av drifta skal skje innanfor fordring i dei til ein kvar tid gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer, eller innanfor krav stilt i eige utsleppsløyve frå forureiningsmyndigheit. Masseuttak skal drive i tråd med konsesjon gitt av Direktoratet for mineralforvaltning.

§2 Bygningar og anlegg

§2.1 Steinbrott og masseuttak, BRU1, BRU2 og BRU3

§2.1.1 Innanfor området kan det tas ut masser etter følgande kriteria:

All sprenging skal uføres på en skånsam måte slik at omgivnadene ikkje blir påført skader.

Det refererer til gjeldande driftsplan for informasjon ang. tillat uttak av massemengder i uttaksområdet.

Skråningsvinkel i endeleg brottkontur skal ikkje være brattare enn 1:1 (totalvinkel).

Endeleg brottkontur avtrappast med avsatsar med maks. høgde 9 meter.

Vegetasjonsdekke skal leggjast i depot/mellomlager for seinare tilbakeføring til delområdet der drifta avsluttast.

Eventuelt overskotsmasser av utsprengt berg skal tilbakeføres inn mot endelege skjeringar og til dekkas med vegetasjonsdekke.

Det settes krav om at fjerning av eksisterende arealer med vegetasjon, skal erstattes i tilsvarende store områder. I tillegg skal lokale områder som defineres som «avsluttet» reetableres med vegetasjon.

§2.1.2 Det er ikkje tillat å utføre arbeid på masseuttaket mellom kl. 23:00-06:00

- §2.1.3 Masseuttaket skal sikrast under drift og etter at drifta avsluttast. Uttaket skal til ein kvar tid være sikra for allmenta med gjerde langs uttaksområdet endelege brottkantar etter kvart som desse blir sprengt ut. Vegen opp blir sikra med skilt og bom/kjetting til uttaket.
- §2.1.4 Området skal tilbakeføres til skogsmark når drifta avsluttast, og seinast innan 3 år. For uttaksområdet skal tilbakeføring ha til hensikt å dekke over sår i landskapet som følge av uttak av stein.
- §2.1.5 Innanfor området tillatast det etablering av vegar for intern massetransport og fyllingar av overskotsmasser. Jordmassar skal tilbakeføres til området for masseuttak.
- §2.1.6 Innanfor området tillatast oppføring av byggverk for driftsmessige formål. Bygningar skal fjernes når drifta opphøyras.
- §2.1.7 Støyvoll kan etablerast kor det er aktuelt i området for masseuttaket.

§3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

§3.1 Køyreveg

- §3.1.1 Åtkomst til masseuttak nyttar eksisterande skogsveg VEG_1. Når VEG_2 er etablert, skal VEG_1 være reservert eigedommane med bustad og landbrukskøyretøy.
- §3.1.2 VEG_2 er reservert transport til og frå masseuttaket.

§4 Landbruks-, natur- og friluftformål

- §4.1 LNFR-område LLH1, LLH2 og LLH3, nær masseuttaket, fungerer som ein randzone, saman med område LNF i plankart.
- §4.2 Føresegnområde LLH2 skal det reetablerast vegetasjon.
- §4.3 Føresegnområde LLH3 skal det tas vare på eksisterende skogsvegetasjon.

§5 Føresegnområda

- §5.1 Føresegnområda #1-#3
Det skal etablerast sedimenteringsbasseng i føresegnområda #1-#3 i forbindelse med masseuttaket.
Det skal etableres sedimenteringsdammer i riktig størrelse og med hensiktsmessig plassering før utløp nedstrøms området, dette for å minimere partikkelavrenning fra området. Nedsenkinger/groper som allerede er etablert eller som etableres i forbindelse med annet arbeid, kan erstatte og/eller redusere behovet for etablering av egen dam.
Omfanget/størrelsen planleggast etter behov under driftsfasen. Det skal til ei kvar tid vera minst eitt fungerande sedimenteringsbasseng som hindrar avrenning.
Alt overflate- og prosessvatn frå den del av uttaksområdet som er tatt i bruk skal

leiaast til denne/ desse. Sedimentasjonsdammar må ha naudsynt volum og opphaldstid, og det må vere rutinar for å vedlikehalde og oppretthalde effekten.

§6 Omsynssoner

- §6.1 I områder regulert som frisisiktsone ved veg skal det være fri sikt i en høgde av 0,5 m over tilstøytane vegars nivå.
- §6.2 Ras og skred
 - §6.2.1 Omsynssone H310_1 angir skredfare aktsomhetszone frå NVE.
 - §6.2.2 Innanfor område skredfare må det ikkje etablerast bygningar utan at det føreligge fagkyndig vurdering av ras for området.
- §6.3 Sikringszone.
 - §6.3.1 Omsynssone 190 angir sikringszone for overvasstrase som samsvarer med notat overvann- og flaumvurdering, datert 20.06.2022. Eksisterende vann- og flomveier ut fra planområdet skal ivaretas. Det skal ikke gjøres terrengmessige inngrep som endrer de eksisterende vann- og flomveier.

§7 Rekkjefølgjekrav

- §7.1 Før drift for utvida område, BRU_2 kan setjast i verk skal det føreligge driftskonsesjon og driftsplan godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning.
- §7.2 Ny avkøyring må godkjennast av Rogaland fylkeskommune.
- §7.3 Før drift for utvida område, BRU_2 kan setjast i verk skal utbetringstiltaket om foreslått ny møteplass langs fv. 4680 Randøy Ring være gjennomført, jamfør oversikt av møteplassar datert 04.05.2022.
- §7.4 Alle tekniske planer for tiltak som har tilknytning til fv. 4680 Randøy Ring skal sendes til Rogaland fylkeskommune for gjennomsyn. For alle tiltak som har tilknytning til veggrunnen langs fv. 4680 er det krav om gjennomføringsavtale med vegmyndighetene. Avtale for gjennomføring skal være inngått med Rogaland fylkeskommune før bygging.
- §7.5 Sedimenteringsbasseng i planområdet skal være utarbeidd før vidare utvinning av uttaket.
- §7.6 Før drift for utvida område BRU_2 kan setjast i verk, skal område LLH2 og LLH3 tilbakeførast til randsone.
- §7.7 Før drift for utvida område BRU_2, kan setjast i verk skal VEG_2 vera opparbeida. Før ny veg VEG_2 kan opparbeidast skal det føreligge fagkyndig

vurdering av:

- Skredfare og eventuelt avbøtande tiltak skal vera utført.
- Flaumsikring/ handtering av overvann.

§7.8 Før drift for utvida område BRU_2, kan setjast i verk skal det reetablerast kantvegetasjon mellom LLH3 og BRU3, som avbøtande tiltak mot flom.

Godkjent av Hjelmeland kommunestyre sak 41/25 - 22.05.2025